Fjord kommune

Tett på det som betyr noko

Beredskapsplakat

Ver førebudd om krisa kjem

Styresmaktene (DSB) tilrår at alle husstandar er førebudde på å klare seg sjølve i minst éi veke dersom straumen, vatnet eller internettet blir borte.

Eksempel på kva du bør ha heime:
DAB-radio som går på batteri, sveiv eller solcelle
Drikkevatn lagra på kanner eller flasker
Mat som toler å bli lagra i romtemperatur
Varme og lys - Sørg for varme klede, pledd eller soveposar, stearinlys, fyrstikker og ei alternativ varmekjelde
Legemiddel og førstehjelpsutstyr

Les meir om eigenberedskap på DSB sine nettsider: https://www.sikkerhverdag.no

Fjellskredberedskap

Alle involverte kommunane har bygt opp ein felles beredskap for fjellskred. Det er NVE som står for overvakinga, og du finn mykje informasjon om dette på NVE sine nettsider.

Aukar rørsla i fjellet unormalt, vil ein auke beredskapen, og informere om dette. Ein vil legge stor vekt på informasjon undervegs, og NVE som står for overvakinga vil heile tida orientere om utviklinga.

Massemedia og aktørane sine nettsider vil vere hovudkanal for formidling om rørslene i fjellet aukar utover normalen. Når ein kjem til ekstrem fare, og politiet vedtek evakuering, vil politiet varsle alle som oppheld seg innanfor evakueringssona med SMS gjennom Nødvarsel.

Meir informasjon på heimesida

Du finn meir informasjon på www.fjord.kommune.no

Befolkningsvarsling

Kommunen vil legge ut informasjon på heimesida som vil vere hovudinformasjonskjelde. I tillegg vil det bli informert på facebook, og det vil bli sendt ut sms-varsel til alle med fast adresse i kommunen så lenge ein har nett-tilgang. Du kan lese meir om befolkningsvarsling på kommunen si heimeside, og sjekke om du er registrert.

Informasjonspunkt

Kva er eit informasjonspunkt?
Eit informasjonspunkt er ein stad der du kan får verifisert informasjon og hjelp om mobilnett, internett og straum ramlar ut over lengre tid. Det er kriseleiinga som aktiverer informasjonspunkta.

Her finn du informasjonspunkta:
Kjellaren på omsorgsbustaden i Eidsdal
Nærbutikken i Norddal
Arbeidsstova på sjukeheimen i Valldal
Nærbutikken i Tafjord
Stordalstunet, dagsenteret
Overøye – Stolen pub

Kva kan du få hjelp til?

- Få oppdatert informasjon om situasjonen lokalt
- Få informasjon om kommunen sine tenester og andre forhold som vedkjem innbyggarane
- Få hjelp til å formidle viktige førespurnader vidare til naudetatar

I Valldal og Stordal har vi forsterka ekom rundt rådhus/kommunehus. Dette er eit statleg tiltak der basestasjonen har reservestraum som varer 72 timar.

Viktige telefonnummer

Helse 113, Politi 112, Brann 110
Vakttelefon teknisk, tlf. 418 67 900